

## Gull verdt eller null verdt

Har du funne opp noko nytt og er redd for at andre skal stele ideen din? Då må du beskytte han. Sjekk også ut at andre ikkje har i på det same før deg.

AV TRINE-LISE GJESDAL | PUBLISERT 28. AUG. 2017 | OPPDATERT 24. JAN. 2020

### En ostehøvel med treskaft

Ostehøvelen var ei ny oppfinning i 1925. Foto: Shutterstock

Du kan beskytte ei oppfinning dersom ho er ny og løyser eit teknisk problem. Slik ein smart norsk snikkar gjorde alt i 1925 då han fann opp ostehøvelen. Han hadde ein idé om å skjere osten på ein enklare måte – slik ein bruker ein hør på treverk. Prinsippet funka! Og han søkte og fekk patent på ideen. Snikkaren tente masse pengar på oppfinninga si, som i dag blir brukt av menneske over heile verda.

Snikkaren tente masse pengar på oppfinninga si, som i dag blir brukt av menneske over heile verda. Illustrasjon: Melkeveien designkor

### Verdiar kan beskyttast

Verdiar som kan beskyttast, kallar ein immaterielle rettar. Patent er ein immateriell rett. Viss ikkje snikkaren hadde fått patentet, hadde han kanskje ikkje tent ei krone.

– Med eit patent i handa får ein einerett på å utnytte ideen sin. Det vil seie at ingen andre kan tene pengar på oppfinninga, forklarar avdelingsdirektør Otto Scharff i Patentstyret. Der kan ein søkje om patent.

### Design og merkeklede

Ein bør undersøkje om nokon har same idé som ein sjølv, før ein jobbar vidare med ein idé. Patentstyret har oversikt over alle varemerke og design som er registrerte i Noreg. Ein kan nemleg også beskytte eit design – altså utsjånader forma på noko ein lagar.

Vidare er det viktig å beskytte varemerke. Kjende varemerke er blant andre Nike og Adidas.

SAMFUNNSFAG KRLE OG HISTORIE HISTORIE

Meldinger ved utskriftstidspunkt 4. april 2025, kl. 15.23 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.